

Referat frå LOP sin tur til Krigsminnessamlinga på Kvam, hausten 2025

I år er det 80 år sidan andre verdskrigen slutta, så det var temaet på den tradisjonelle haustturen til LOP Gudbrandsdal. Den 3. september dro 25 ivrige medlemmer i LOP Gudbrandsdal til Kyrkja og Krigsminnessamlinga på Kvam, og så vidare til lunsj og foredrag om Karpolfamilien på Sødorp Gjestgiveri.

Vi starta ved kyrkja og vart ynskte velkomne av Jon Inge Nordlien og den tidlegare presten, Jens Petter Ous. Ous har vore prest i kommunen i 30 år og hadde litt av kvart å fortelje om trefningane under krigen da gammelkyrkja frå 1776/77 brant ned, og om den nye kyrkja, som vart innvia i 1952. Den nye er ein kopi av den gamle, berre meir høgrest og noko større, med plass til 450, tømra av førsteklasses tømmer frå Veggjemsskogen i Sel. Arkitekten var Mognus Poulsson, som og har teikna Oslo Rådhus. Før vi gjekk inn, fekk vi sjå ein usedvanleg, spesialsmidd nykel med handtak. Innreiinga står ikkje tilbake i kvalitet, med biletskuren i altertavla skoren av Edvard Bakkom frå Lalm og preikestolen og resten av utskurden av Mathias Fjerdings og Anders Johnsgård frå Heidal. Dei same tri var med og skar ut Heidalskyrkja. Interiøret er mala i gull, som symboliserer det uforgjengelege, og alteret har vakre og kostesame lysestakar av sylv frå David Andersen, så her er det ikkje spart på noko. Ikkje mindre dyrebar er vel kanskje den eldgamle Bibelen frå 1550.



Etter ei interessant innføring i bl.a. symbolikken i motiva på messehaglane, gjekk vi ut for å sjå på minnesmerket over dei falne engelske soldatane og på kapellet frå 1938. Det overlevde brannen under krigen og fungerte som kyrkje medan den nye vart bygd. Kulehol overalt vitna om kor intense kampene i bygda var.

Etter den interessante omvisinga i og ved kyrkja, var det kaffe og kvamsbolle i den trivelege Gammelbue før turen gjekk til den vakre minneparken over falne Gudbrandsdølar og ein tilsvarande over sivile som mista livet i kampene. Siste post på programmet i Kvam var Krigsminnesamlinga i Vollsfsjøset. Jon Inge Nordlien frå venneforeininga ga ei oversikt og var tilgjengeleg for spørsmål mens vi vandra rundt og fekk friska opp kva for utstyr det norske, engelske og tyske militæret hadde for 80 år sidan. Så var det brudekjole og anna klede sydd av fallskjermstoff og

mykje anna. Det var trist, men viktig å bli minna på at vi sjølve har vore i den same ulukkelege situasjonen som ukrainarar og andre slit med i dag.



Gudbrandsdal krigsminnessamling



80 år gammalt krigsutstyr som tyskarane brukte



Brudekjole og kjole av fallskjermsilke

Turen gjekk vidare til Sødorp Gjestegård, der vi kunne forsyne oss av eit variert og velsmakande lunsjbord. Kontrast vart det da vi forflytta oss og fekk presentert eit døme på den sers triste behandlinga vi ga mange av jødane under krigen. Bjørn Kjellson Sletten har forska på kva som skjedde med Karpolfamilien, som dreiv ein gard og var godt integrerte på Harpefoss. Vondt var det å høyre at dei tre vaksne ungane vart sende til Auschwitz og drepne, og enda meir skamfulle vart vi vel av å høyre korleis politikarane i bygda auksjonerte bort og sjølve kjøpte av eigardelane til familien før det gamle, sjuke ekteparet enno var daude. Får håpe og tru at vi har lært noko av historia!



Bjørn Kjellson Sletten

For ikkje å sende oss heim berre tunge til sinns, avslutta Sletten med eit par friske songar til framifrå gitarspel, så takk til Marit & Co for særst interessant og tankevekkjande opplegg denne dagen!

Liv Storbækken

sekretær

Foto av Jorunn Haugstulen og sekretæren